



Foreldre v/ LUS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/2518 - 17/30458

Saksbehandlar:

Henriette Rolland

Henriette.Rolland@lindas.kommune.no

Dato:

24.10.2017

## Referat frå FAU møte 13.09.17

Til stades: 8a: Tore Gjerstad FAU, 8b: Marit Sæbø, 9a: Tor Egil Hansen, vara, 9b: Solveig Holsen, FAU, Tone Torvund, vara, 10a: Torill Vågenes, FAU, 10b: Anne Irene Nygård, FAU og Henriette Rolland, rektor

### Sakliste:

- Sak 1 – 17/18 Konstituering av nytt FAU
- Val av leiar: Anne Irene Nygård
  - Val av nestleiar: Torill Vågenes
  - Val av skrivar: Marit Søbø
  - Val av kasserar: Solveig Holsen
  - Val av representantar til SU: Torill Vågenes og Anne Irene Nygård, vara: Tore Gjerstad og Tor Egil Hansen
  - Val av representantar til SMU: Torill Vågenes og Anne Irene Nygård, vara: Tore Gjerstad og Tor Egil Hansen

Sak 2 – 17/18 Setje opp møteplan for hausten: FAU -møta vil halde fram onsdagar klokka 19:00 på følgjande datoar: 13.september -17, 18.oktober-17, 22.november- 17, 17.januar -18, 11.april- 18 og 06.juni -18.

Det er viktig at alle som skal møte i FAU merkar seg desse datoane og legg dei inn i ein form for kalender. Det vil bli sendt ut innkalling til møta på e-post om lag ei veke på førehand.

Sak 3 – 17/18 Skriv og meldingar og Info frå skulen. Rektor informerte om oppstart av skuleåret. Hovudintrykket så langt, er at det har vore ein god skulestart. Vi har fått inn ein miljøarbeidar som skal bidra til eit betre skulemiljø. Dette fungerer fint.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Elles har lærarane sitt utviklingsområde som fokus å skape meir motiverande, relevant og praktisk undervisning. Hovudmpttoet skal vere at elevane i klasserommet skal ha: Læringsbrytaren på!

Som ledd i arbeidet med eit betre skulemiljø, kjem det til å bli arrangert ein del «happeningar» utover haustsemesteret.

MOT er og styrka ved skulen, og 8.klasse har hatt intensiv MOT- opplæring kvar tysdag til no. Målet er å skape robust ungdom.

#### Sak 4 – 17/18 Ymse

- FAU sin økonomi vart drøfta. Det er viktig at alle foreldra forstår at FAU må ha ein del inntekter som for ein stor del blir skaffa gjennom dugnad frå foreldra si side. Alle inntekter til FAU kjem elevane på skulen til gode, først og framst gjennom støtte til Jotunfjellturen.
- 17.mai på Lindås vart diskutert. Ungdomsskulen kjem urimeleg mykje dårlegare ut økonomisk enn barneskulen. Det er viktig at Lus FAU kjem tidleg på bana i planlegging av 17.mai og får til eit godt samarbeid med Lbs FAU. Anne Irene er initiativtakar her.
- FAU ønskjer å bli registrert i Brønnøysundregisteret. Dette vil gjere mange ting lettare, ikkje minst i høve til økonomien. Slik det er no, er FAU sin konto knytt opp mot kasserar privat, dette er tungvindt og inga god løysing.
- For å kunne registrere oss i Brønnøysund, må Lus FAU ha eigne vedtekter. Anne Irene hadde med eit forslag til vedtekter, desse vart lest opp og det som trengtes av tillegg vart ført inn. Alle som var med på FAU- møtet skreiv under. ( ikkje rektor)
- Solveig ordnar vidare med registrering i Brønnøysundregisteret.
- Godkjenning av referat: Skrivar sender referat på e-post til rektor som ser igjennom og sender vidare til FAU og vara. Godkjenning skjer ved at mottakar gir tilbakemelding til rektor på e-post. Då blir referat lagt ut på skulen si heimeside.
- FAU ønskjer å arrangere diskotek for 1-4 klasse i Lindåshallen med elevane på ungdomsskulen si hjelp.
- 10.klasse kallar inn til eit foreldremøte for 10.klasseforeldra onsdag 04.oktober

Med helsing

Henriette Rolland  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Foreldre v/ LUS